

Kort om vinterkarusellen til Eikanger IL

Det første vinterkaruselløpet vart skipa til på Kløvheim 22. desember 1979. Start frå skulen, rundt Fammestad (3150 m). 22 deltakarar.

Dei tre første sesongane vsrt det arrangert eitt løp på kvar av stadane Kløve, Leiknes, Eikanger og Ostereidet. I sesongen 1980/81 vart det også arrangert eitt løp på Stranda.

Frå og med 1982/83 vart Eikanger fast stad for karusellen. Løypa har deretter heile tida vore den same, rundt Eikangervågen med start og mål ved skulen (ca. 2,2 km).

Talet løp kvar sesongen frå 1982/83 har vore mellom seks og ti løp. Unnataket er sesongen 2020-21 då det på grunn av koronapandemien berre vart eitt løp. Ny sesongen er planlagt frå hausten 2021 med sju løp.

I alt er det til no arrangert 330 løp med til saman 20 676 deltakarar. Over 1850 personar har delteke i minst eitt løp.

Flest deltakarar var det ved jubileumsløpet (40 år) 14.12. 2019 med 192. Ofte er det ca. 100 startande ved k art løp. To klassar –med og utan tidtaking. Løpet går alltid om laurdagar med start kl. 15.00 for klassen med tidtaking.

Flest løp

Før komande sesong står Terje Eidsnes med 280 startar og Sverre Solberg med 277. Terje var med i karusellen første gong 4. desember 1982 vel ti år gamal.

Over 200 startar har også: Steinar Haukås 263, Alf Høyland 256, Arvid Hauge 253, Leiv Eidsnes 242, Sigmund Nævdal 225, Jan Kårbø 210 og Anders Eidsnes 207.

To personar, Arvid Hauge og Steinar Haukås, har vore med i eitt eller fleire løp kvar einaste sesong sidan starten.

Av kvinnene er det Venke Toft Fyllingsnes med 158 startar og Grethe Titland med 155 som har delteke mest.

Løpsrekordar

Svein Roald Kvamme har løpsrekorden med 5.58 sett 21. oktober 2017. For kvinner sette Eli Anne Dvergsdal løpsrekord på 6.55 i jubileumsløpet 14.12.2019.

12 kvinner har sprunge under 8.00 og 39 under 9.00. I herreklassen har 78 sprunge under 7.00 og 269 på 8.00 eller betre.

Flest singlar

Flest løpssingar har Harald Nygård med 30, følgt av Helge Færø med 27, Atle Rød med 26, Halfdan Emil Færø med 23 og Jo Harald Færø med 20.

Av kvinnene har Sigrun Molland vore raskst 42 gonger, tett følgt av Grethe Jørgensen med 41. Deretter følgjer Bertine Helene Færø med 36 og Sara Rebekka Færø med 31.